



Notat

Dato: 11.11.2016
Arkivsak: 2016/412-28
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for Miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål - korleis kan Skyss/fylkeskommunen på best mogeleg måte profilere snøggåten i Sunnhordland som eit reiselivsprodukt

I møtebok frå Misa 3. november 2016 er det teke inn følgjande spørsmål frå representanten Rasmus Laupsa Rasmussen (A):

«Korleis kan Skyss/fylkeskommunen på best mogleg måte profilere snøggåten i Sunnhordland som eit reiselivsprodukt på same måte som Norled gjer nordover i fylket?»

Norled har som operatør utvikla reiseprodukt retta mot turister, mellom anna i Hardanger. Snøggåtruta i Sunnhordland er ikkje ei turistrute, men ein del av kollektivtilbodet i Hordaland. Skyss gjer sine prioriteringar innanfor rāmene av den politisk vedtekne kollektivstrategien for Hordaland. Førande for Skyss si satsing er målet om endra reisemiddelfordeling, og ein har i liten grad moglegheit til å drive profilering og marknadsføring retta mot andre målgrupper enn dei som bur, går på skule og arbeidar i fylket vårt. Skyss tek såleis ikkje ei aktiv rolle mot turistmarknaden, men har avtalar med reiselivsaktørar som pakkar kollektivtilbodet som del av ei større reiseoppleving.